



## Barnetråkk – Vindafjord kommune v/Marit Ø. Ilstad

- I perioden 5.september-4.oktober 2018 vart det gjennomført barnetråkk i 15 klassar fordelt på 9 skular.
- Klasse trinn 5.-7. og 9.-10. trinn.
- Tal på elevar i klassen varierte frå 12 til nærmare 30.

Vindafjord kommune søkte og fekk midlar for kartlegging av skuleveg i 2018 og 2019. Barnetråkk blei gjennomført hausten 2018 i samband med rullering av trafikksikringsplan.

Midlane frå 2018 vart brukt til å leige inn ein konsulent som var med i alle klassar der barnetråkk vart gjennomført, samt han tok seg av koordineringa med skulane.

Alle rektorane vart informert på rektormøte før sommarferien

Kort etter sommarferien vart det sendt ut informasjon per e-post frå skulerådgevar. Der vart det i tillegg til at det vart gitt ein frist for gjennomføring. Kvar enkelt skule skulle ta kontakt for å avtale dato med plan/kommunalteknisk. Det ga ingen respons.

Konsulenten tok då direkte kontakt med kvar rektor for å avtale nærmare og for å informere om kva dette gjekk ut på. Telefonmøte vart halde med dei fleste og personleg oppmøte hjå nokre.

Nokre av skulane engasjerte seg veldig og brukte høvet til å lære om kart, orientering og anna innan same emne, «ein gavepakke» blei det sagt. Andre såg det meir som ei enkelthending. Alle var positive til gjennomføringa.

Opplegget er laga for å vera lærar-drive. Me opplevde at skulane hadde forventingar til informasjon frå vår side som me vanskeleg kunne gi, ettersom planleggar-sida er heilt tom fram til barnetråkk er utført. Her lærte me etter kvart, så informasjonen ut vart betre etter kvart.

Nokre skular sendte ut samtykke-skjema på førehand. Etter kvart blei det laga ein mal som skulane fekk tilsendt – kanskje kunne dette vore tilgjengelig på Barnetråkk-sida?

Gjennomføringa i klassen tok ca 1 times tid. Me starta med å fortelje litt om kven me var, kva me jobba med og kva dei skulle gjera. Me presiserte viktigheita med å zoome godt inn, særleg når ein skal plassere «klistermerkene»

Mykje av tida gjekk med til datatrøbbel av ulik art. Her kunne det vore gjort eit betre forarbeid med å opne laptopane før bruk. Mange laptopar trong oppdateringar før dei var klar til å brukast. Elles var problema som følgjer:

- Det virka ikkje på iPad – ei stor ulempe ettersom mange klassar bruker iPad mykje og PC lite. Mellomtrinnet i heile kommunen har eigen iPad, og difor har mange skular færre PCar, eller dei er lite brukt. Dette gjorde at ein måtte dele klassar eller låne av andre skular for å få nok PCar.
- Mange klassar er registrerte fleire gonger – kanskje dette kunne vore gjort på ein annan måte?
- Vanskar med å dele link som elevane skulle gå inn på for å logge på barnetråkk
- Ulempe at ikkje demo-barnetråkk var likt som faktisk barnetråkk.



- Kommenterar blei ikkje lagra
- Veg kunne ikkje teiknast
- Kartet kom ikkje opp
- Verktøyet for Fritidsveg mangla på PC-versjonen
- Tregheit med å oppdatere gjorde at eleven av og til sletta meir enn det som var tenkt

Konsulenten prøvde å få tilbakemelding på fleire av desse problema, særleg dette med iPad, men fekk liten respons på det han spurde om. Oppfølginga her burde vore betre.

Veldig mange av elevane har skuleskyss, og hadde dermed lite skuleveg å registrere.

Det er ei ulempe at ein kun kan nytte Feide-pålogging. Me har også henta inn innspel frå barnehagar og grendautval, og kunne tenkt oss å bruke same verktøy dersom mulig.

Til sjølve gjennomføringa var me lærar + konsulent + minst 1 person frå teknisk/plan til stades. Dette var i alle fall nok.

Ein burde også lagt til ein funksjon i Barnetråkk slik at ein kan forandre passord. Det er umulig å hugse passordet ein får tildelt.

Men

- Det var veldig kjekt å vera med inn i klassane og utføre barnetråkk
- Elevane var raske til å orientere seg i kartet – intuitivt verktøy
- Det opplevdes som ein god og enkel måte å få til medverknad frå barn
- Undersøkinga gir eit øyeblikksbilde frå ei avgrensa gruppe – bør gjennomførast jamnleg for å få fullt utbytte av det
- Barn er ikkje logiske – dei går kanskje ein lenger veg for å gå saman med ein kamerat eller tar kortaste veg sjølv om dette ikkje nødvendigvis er den tryggaste.
- Me lurar på i kor stor grad resultata er påverka av at registreringa blei gjennomført medan det fortsatt var lyst ute når barna gjekk til skulen. Hugsar dei kva som opplevdes skummelt i vinter når det akkurat har vore lang sommar?
- Registreringane kan tyde på at ungane er meir opptatte av dei tilboda som er rundt dei enn å påpeike det som kunne vore betre.
- Vår bruk er i første omgang tenkt til trafikksikringsplan, men me ser det som eit nyttig verktøy til reguleringsplan- og kommuneplanarbeid

På grunn av manglande kapasitet har me ikkje fått jobba vidare med innsamla data slik som først planlagt. Skulevegane er lagt inn i kartet internt hjå oss, men ikkje «klistremerka». Foreløpig er det heller ikkje laga noko rapport eller offentleg presentasjon av innsamla data. Så difor er det svært interessant å høyre om korleis andre kommunar har gjort dette.

Likevel opplever me at innsamla data har vore til nytte i fleire prosjekt og i planarbeid. Statens vegvesen nyttar våre data i planarbeid i kommunen. Sjølv bruker me kartlegginga f.eks i planlegging av VA-prosjekt for å sjå om det er trafikksikringsutfordringar som kan løysast samtidig. Slik kan ein få til vinn-vinn-løysingar for heile kommunen.